



Fotofirmaet og familien Jacobsen i Stavanger 1864 – 1915

Lisabet Risa

Museum Stavangers Årbok 2012 presenterte artikkelen *Stavanger og fotografiet på 1800-talet*. Den tok utgangspunkt i dei ulike produkta innan den tradisjonelle bildekulturen som det nye fotografiet erstatta etter at det kom til Stavanger i 1842. Artikkelen presenterte også dei første fotografane i byen, dei nye fotografitypane som kom i andre halvparten av 1800-talet og dei ulike bruksområda. Presentasjonen var ei vidareføring og eit supplement til to tidlegare artiklar i årboka for 1992 og 1993 og til boka *Fotografihistoria sett frå Rogaland*.¹

Denne artikkelen omhandlar familie-firmaet *C. L. Jacobsen*, seinare *Jacobsen*, eitt av mange fotograf-firma i Stavanger i åra mellom 1864 og 1915. Dei tidlegare årboksartiklane presenterte også familien Carl Lauritz Jacobsen med sønene *Carl Johan*, *August Julius* og *Anton Louis* Jacobsen, men ikkje dottera *Hannchen* Louise Wally Jacobsen, den fjerde etablerte fotografen i familien.

Vi skal sjå på korleis først foreldra og sidan fire av barna tilpassa seg arbeidskvardagen som fotografar i Stavanger. Jacobsen-familien er interessant på fleire måtar. Historia deira er nemleg eit godt eksempel på kva rolle kvinnene kunne spela som fotografar frå 1880-åra og framover. Det spesielle med fotografyrket var at dette i utgangspunktet ikkje var eit mannsyrke. Dermed kunne også kvinner verta fotografar. Men dei fleste av dei første kvinnelege fotografane er anonyme i dag sidan dei vanlegvis arbeidde hos andre atelierfotografar. Der retusjerte dei som oftast negativ. Kvinnene i Jacobsen-familien er ved sida av fotograf Dorothea Arentz og Lina Bahr, den meir ukjende kompanjongen hennar, dei første i Stavanger som vi har meir informasjon om enn bare namnet.²

Fig.1. Carl Lauritz Jacobsen og Anna Louise Emilie Wally gifta seg 11. september 1860 i Kiel, Tyskland og flytte til Bergen ikkje lenge etter. I 1890-åra reprofotograferte sonen Carl Jacobsen både dette tyske portrettet av foreldra og dei tidlegare byprospekta til faren frå dei første åra i Stavanger etter 1864.

Foto: Ukjend, truleg Kiel. Carl Jacobsens fotosamling, Stavanger byarkiv.

43

Artikkelen presenterer også produkta familien Jacobsen leverte for å greia seg økonomisk innafor eit etablert fagmiljø med konkurranse mellom utøvarane. Ulike fotografitypar og bruksområda deira var eit hovudtema i artikkelen *Stavanger og fotografiet på 1800-talet*. Hannchen Jacobsen etablerte firmaet sitt i 1904. Dermed vert presentasjonen av henne og produkta ho leverte, ei ny og naturleg vidareføring av historia til familien Jacobsen.

KJELDEMATERIALET

Carl Lauritz Jacobsen (1836-1879) grunnla firmaet *C. L. Jacobsen* då han flytte til Stavanger i 1864. Firmaet eksisterte i 51 år, til 1915. Bare *Hakon Johannessen* (1901/1907 – 1988) hadde ein lengre periode som fotograf-familiefirma i Stavanger enn Jacobsen-firmaet.³ Det var likevel ein stor forskjell på desse to. I familien Jacobsen var det fem fotografar, i familien Johannessen bare to; grunnleggaren Hakon og sonen Per Borup Johannessen. Fotografane Jacobsen hadde også eit langt meir omfattande og allsidig produkttilbod enn Hakon Johannessen. Men dette var for ein stor del resultat av at dei to familiane høyrde til to forskjellige tidsperiodar med ulike produkttypar, motar og kjøpargrupper. Dette skal vi sjå nærare på.

Både forretningsarkivet og det aller meste av negativarkivet vart kassert ei tid etter at Carl Jacobsen avvikla firmaet i 1915.⁴ Det finst likevel mange fotografiske spor etter familien Jacobsen i Rogaland. I dag er fotografia originalmaterialet. Det var positivmaterialet pr. definisjon også i utgangspunktet. Men det finst ikkje eitt, samla positivarkiv. Dermed forvaltar både museum, arkivinstitusjonar og svært mange privatpersonar i og utafor Rogaland i fellesskap den fotografiske arven etter familien Jacobsen.

Vi kan rekonstruera dei ytre rammene rundt firmaet. Avisannonsar er gode kjelder til firmahistoria og til historia om dei ulike produkta firmaet leverte i åra mellom 1864 og 1915. Saman med det fotografiske materialet viser annonsane utviklinga innan fotografiet som fag og yrke i denne perioden.

Firmaregister, tinglyste eigedomsforretningar i panteregister/pantebøker, branntakstprotokollar og likningsprotokollar er dei mest sentrale skriftlege kjeldene. Dessutan kan vi «rekonstruera» familien biografisk ved hjelp av informasjon frå kyrkjebøker og frå statlege og kommunale folketeljingar. Det upubliserte slektsheftet *Slekten Wally, Jacobsen. Fra Bygdøy, Bærum og Garding til Stavanger og Oslo* har vore ei god kjelde til bakgrunnsinfor-

masjonen om familien.⁵ Det offentlege og private kjeldematerialet er likevel ikkje omfattande nok til å samanlikna Jacobsen-fotografane med andre fotografar i Stavanger. Vi har ikkje tilstrekkeleg materiale til å vurdera kvaliteten på produkta deira og samanlikna med tilsvarande frå andre fotografar i byen. Det bevarte fotografiske materialet er heller ikkje fullstendig nok til å sjå på problemstillinga om kvinner og menn velde ulike motivtypar, og om dei fotograferte ulikt. Dermed er ikkje desse problemstillingane aktuelle i denne artikkelen.

FRÅ BERGEN TIL STAVANGER I FOTOGRAFIETS BARNEÅR

Carl Lauritz Jacobsen var fødd 1836 på Bygdøy i Asker og døydd 1879 i Stavanger. Han arbeidde i byssa på eit seglskip då han møtte Anna Louise Emilie Wally (1833 – 1931) i Kiel. Ho var fødd i Garding i Slesvig-Holstein og skreiv seg seinare Louise Jacobsen. Dei gifta seg 1860 i Kiel (fig. 1) og fekk etter kvart ti barn; seks søner og fire døtre.⁶

Louise Jacobsen var rikt utrusta på det kunstnarlege området. Ho hadde mellom anna fått teikne- og måleundervisning. Privatundervisning var vanleg for kvinner frå velståande borgarmiljø, også her i landet. På den tida var kunstakademia stengde for kvinner.

Gjennom ektefellen sin fekk Carl Lauritz Jacobsen tilgang til eit ressurssterkt kunstnarleg miljø. Det er heller ikkje usannsynleg at han fekk kontakt med eit etablert fotografisk miljø i Tyskland gjennom familien hennar.⁷

I 1861 kom det nygifte paret til Bergen. Det er ikkje kjent kvifor dei flytte til nett denne byen. Kanskje hadde familien til Louise Jacobsen eller miljøet rundt familien hennar kontaktar der. Bergen var på den tida ein leiande sjøfartsby i Noreg og hadde alt i 1840-åra eit aktivt fotografmiljø, både ved fleire tilreisande, og ved tidleg etablerte fotografar. I følgje det nasjonale fotografregisteret etablerte Carl Lauritz Jacobsen fotoatelier i Bergen, og han hadde også ei tid filialatelier der etter at han etablerte seg i Stavanger.⁸ Dette stemmer ikkje med opplysningane i kyrkjebøkene då han hadde dei to første barna til dåp i Bergen i 1862 og 1863. Kyrkjebøkene opplyser då at han var restauratør (sjå note 6).

Om Carl Lauritz Jacobsen likevel var ein av fleire fotografar i Bergen før 1864, vart han heller ikkje åleine i Stavanger. Etter tilgjengelege kjelder var Jacob-

sen nokså nøyaktig fotograf nr. 22 som kom til Stavanger, enten som gjestefotograf for ei kortare tid og med eit provisorisk atelier, eller som ein som slo seg ned i byen.⁹

I Stavanger budde familien først hos «Enkemadame Sand» i Nedre Strandgate 17.¹⁰ Der sette Carl Lauritz Jacobsen opp nytt atelier i hagen hennar. Nedre Strandgate var på den tida ei av hovudinnfartsårene til Stavanger. Lenger ute, i Nedre Strandgate 50, opna også Knud Chr. Baade Mathiesen (1843 – 1871) atelier i 1864. Dette var ved seglmakarloftet til familien Mathiesen, tvers overfor tollbua i byen. Unge Mathiesen vart neppe nokon stor konkurrent til Jacobsen dei få åra før han vart sjuk og døydde.¹¹

Konkurrentar vart nok heller dei to meir veletablerte atelierfirma til H. P. Thykier (1853 – 1867) og Carl Pettersen (1861 – 1884). Carl Pettersen vart den første som averterte at han laga visittkortportrett. Dette var i 1861. Dorothea Arentz hadde også mange kundar, både frå Stavanger og frå distriktet rundt. Italianaren Joseph Pisani hadde atelier i byen i åra 1864 – 1867.

Det minka på tilreisande gjestefotografar då 1870-talet tok til.¹² Fotografiet var ennå ein luksusartikkel for folk flest. Ordrebøkene til dei fastbuande fotografane var på ingen måte fulle. Carl Pettersen hadde til eksempel også utdanning innan teikning og maling. I Stavanger vart han både fotograf og teiknelærer med teikneskule i Strandgata frå hausten 1861.¹³ Carl Lauritz Jacobsen var ingen multikunstnar som Carl Pettersen og fleire av dei tidlege fotografane. Han reindyrka fotografiet og satsa i staden på oppdrag utafor atelieret. Som fleire andre på den tida, hadde også Carl Lauritz Jacobsen gjesteatelier utanom Stavanger i korte periodar. Han annonserte fleire gonger i avisa Egersundsposten, første gong i 1870. På same tida var han fotograf under vårsildfisket i Haugesund.¹⁴

Gjesteatelier utanfor byen var ikkje nok. Carl Lauritz Jacobsen måtte, eller ønskte også å ha ei tilleggsnæring i Stavanger. I november 1868 fekk han handelsborgarskap for å opna cigarhandel, og i 1870-åra hadde han høgaste inntekta av alle fotografane i byen.¹⁵ Jacobsen hadde også fleire tilsette i fotograffirmaet sitt dette tiåret.

Fleire nye fotografar etablerte seg i Stavanger i 1870-åra. Det var utan tvil konkurranse mellom fotografane i byen. På den andre sida førte opninga av

Jærbanen i 1878 til ein ny og langt større marknad for denne yrkesgruppa. På den tida var det ikkje etablerte fotograffirma mellom Egersund og Stavanger. Sandnes fekk ikkje eigen fastbuande fotograf før Henrik Wiig opna atelier der i 1898.¹⁶

FAMILIEN MØTER STORE UTFORDRINGAR

Dei ti barna til ekteparet Jacobsen var fødde mellom 1861 og 1878 (sjå note 6). Tre av sønene døydde små, Edvin Alex 4 ½ år gammal i 1871 og Robert 5 månader gammal i 1879, båe av hjernebetennelse. Oskar var 3 år då han døydde i 1879. Året 1879 vart eit tragisk år for familien. Carl Lauritz Jacobsen og vesle Oskar døydde med 7 dagars mellomrom i mars, båe av skarlagensfeber. Yngstesonen Robert døydde mindre enn tre veker etter Oskar.¹⁷ Skarlagensfeber tok mange liv i Stavanger i 1879.

Etter at ektemannen døydde, fekk Louise Jacobsen eineansvaret for både åtte barn og for firmaet. Familien hadde flytta til nybygt atelier i Urgata 6 i 1878. Dette var sjette gongen familien skifta atelier etter at dei kom til Stavanger i 1864.¹⁸ Det er uvisst om Louise Jacobsen beheldt cigarforretninga ektemannen etablerte i 1868. Som enke kunne ho vidareføra firmaet etter ektemannen. Det gjorde Louise Jacobsen. Tre månader etter at mannen døydde, den 21. juni 1879, annonserte ho i Stavanger Amtstidende- og Adressavis at ho dreiv atelierfirmaet «Fotograf Jacobsens Enke» vidare utan forandringar. Med den store barneflokket greidde ho naturleg nok ikkje dette åleine, sjølv om alle barna måtte arbeida i firmaet etter kvart som dei voks til. Dei eldste hadde lagt grunnlaget som medhjelparar hos faren før han døydde. Firmaet hadde fleire tilsette, både fotografar og retusjørar. Desse er meir og mindre ukjende for oss i dag.¹⁹

Jacobsen-firmaet var kjent og velrenommert på den tida, både i byen og i distriktet rundt. Det økonomiske krakket i Stavanger i 1882 gjorde det likevel vanskeleg for fotografane. Fleire slutta av eller flytte frå byen. I 1885 var det bare fire igjen av dei meir etablerte fotografane; Jan Greve, Børre Mathias Norland, Carl Kørner og «C. L. Jacobsens Enke». Louise Jacobsen frykta nok mest konkurransen frå Carl Kørner. Den dyktige tyske fotografen flytte til byen i 1878 og slo seg verkeleg opp etter at han i 1887 opna eit elegant atelier i den nye forretningsgarden sin i Kirkegata 30. Då hadde dei eldste barna til Louise Jacobsen gått aktivt inn i drifta av familiefirmaet.

SØSKENFLOKKEN OG FAMILIEFIRMAET

Søskenflokket Jacobsen var kunstnarleg utrusta på fleire område. Alle barna trakterte eitt eller fleire musikkinstrument, og fleire av dei var dyktige teiknarar og målarar. Kunstnargåvene hadde dei særleg frå mora og mormora i Tyskland. I ettertid er kunstmålar *August* Julius Jacobsen, den mest kjende av barna.

I 1880 kunngjorde Louise Jacobsen i ei av Stavanger-avisene at eldste dottera nyleg var heimkomen frå eit lengre studieopphald i utlandet, og at ho hadde gått inn i firmaet. Dette var Johanne *Wally* (1861-1935). Det same skjedde i 1882. Då hadde *Carl* Johan (1863-1919), eldste sonen, kome heim frå utdanning i Tyskland og skulle gå inn i familiefirmaet.²⁰

Det er grunn til å tru at Louise Jacobsen var eit førebilete for alle dei fire døtrene. Eldste dottera var som fotograf, til god hjelp for mora i firmaet frå 1880 og til ho gifta seg i 1887 og flytte frå heimen. Dei tre andre døtrene var meir anonyme som negativretusjorar i 1880- og 1890-åra. Først i 1904 starta dottera Hannchen Jacobsen (1869-1908) eige fotografisk firma med søstera *Edvine* Alette (1871- død i USA) som medhjelpar.

BRØRNE JACOBSEN DREIV FAMILIEFIRMAET ETTER TUR

Eldstesonen Carl Jacobsen var den første av brørne som reiste ut for å få fotograf-utdanning. Han var i Waldenburg i åra 1879-1882. Heimkomen til Stavanger dreiv han firmaet saman med mora og søstera Wally frå våren 1882 til 1884. Då utvandra han til Australia. Han opna fotograf-forretning der, først i Melbourne, sidan i Sydney, og han gifta seg med ei australsk kvinne.

Louis Anton (1865- 1945), nest eldste sonen, vart læregut i dekorasjons-målarfaget i 1878 og fekk sveinebrev i 1882. Då eldste broren kom heim same året, reiste også Louis til familien Leisner i Waldenburg. Han kom ikkje heim til Stavanger etter at han var ferdig med læretida der. I staden reiste han til England, Spania, Frankrike og Italia før han returnerte til heimlandet. Då broren Carl utvandra til Australia i 1884, hadde Louis opna fotoatelier i Kristiania, men dette selde han. Også han reiste til Australia der han vart fotograf i Melbourne.

Etter fleire år i Australia, ønskte Louis Jacobsen og den norske kona hans å

flytta til heimlandet. Dei vart passasjerar på eit frakteskip som skulle til Noreg. I eller rett før 1892 kom dei til Stavanger. Det vert fortalt at Louis Jacobsen finansierte den seks månader lange reisa som kunstmålar om bord på skipet.

Den tredje broren, August Jacobsen (1868-1955), hadde då bestemt seg for å verta kunstmålar. Han hadde utdanna seg i Waldenburg i åra 1884-1887, etter at dei to eldste brørne var ferdige der. August Jacobsen reiste heim til Stavanger etterpå og dreiv firmaet saman med mora frå 1887, på same tida som eldste søstera gifta seg og flytte frå heimen. Men August var interessert i målararkunst og ønskte å reisa til Paris. Han hadde utmerka seg med fotografi på den store turistutstillinga i København i 1888 og fekk etter kvart nær kontakt med kunstnarar i Kielland-familien, som Jacob Kielland Sømme, Kitty Kielland og Eilif Petersen etter at han gifta seg med Magda Kielland i 1888. Det var truleg desse som inspirerte han til å reisa til Paris.

Carl Jacobsen reiste heim til Stavanger rundt 1892, i første omgang for å besøka familien. Han vart likevel buande i Stavanger. I februar 1892 overtok han familiefirmaet med broren Louis som kompanjong. August Jacobsen reiste då til Paris. I 1897 flytte Louis Jacobsen til Bergen og opna atelier der. Carl dreiv då firmaet vidare åleine. Det vart han som flytte atelieret til nye lokale for siste gong. I 1905 etablerte han seg i den nye Mauritzen-gården i Prostebakken 2, på hjørnet ved Kirkegata, ikkje langt frå det gamle atelieret i Urgata 6.

I 1915 bestemte Carl Jacobsen seg for å avvikla firmaet og annonserte at han selde negativarkivet. Dette skjedde om lag på same tida som Carl Kørner avvikla firmaet sitt og flytte til Kristiansand der han hadde filialatelier. Fotograf J. W. Eskildsen i Egersund overtok både lokala i Mauritzengården og resten av negativarkivet til Carl Jacobsen. Carl Jacobsen starta med import av olivenolje på fat til hermetikkindustrien i byen men vart sjuk og døydde i 1919. Då var også firmaet som søstera Hannchen Jacobsen etablerte i 1904 nedlagt.

SØSTRENE JACOBSEN – FRÅ RETUSJØRAR TIL EIGE FIRMA

Kvinnene i Jacobsen-familien var på fleire måtar føre si tid, ikkje minst Hannchen Jacobsen, den mest kjende av dei fire søstrene, og den einaste som vart buande i Stavanger. Ugifte kvinner i borgarklassen kunne verta yrkeskvinner innan dei nye meir tekniske yrka som kom til i andre halvparten av 1800-talet. Sidan desse var nye, hadde dei ikkje vore mannyrke først. Dermed fekk også kvinnene innpass. Telegrafnettet vert utbygd i heile landet etter 1857 og skapte behov for nye arbeidsplassar, også i Stavanger. Dei aller første «Telegrafistindene» var gjerne embetsmannsdøtre. Telefonen vart innført i 1880. «Rikstelefonistindene» stod litt lågare på denne nye yrkesrangstigen enn «Telegrafistindene». Dei kom gjerne frå borgarklassen. Den vanlege lokaltelefonen fekk også tilsette frå arbeidarklassen, medan det nye fotografyrket vart rekna som veileigna for kvinner frå borgarklassen.

Hannchen Jacobsen og to andre av søstrene fekk ikkje fotografopplæring i Tyskland som eldste søstera og dei tre brørne. Dei vart i staden negativretusjører i familiefirmaet. Alle større fotograffirma hadde retusjører. Fleire var kvinner. Dei aller fleste er ukjende for oss i dag. Opplysningane om yrke i folketeljingane 1900 og 1910 gir oss ein peikepinn på at dette var eit kvinneyrke i byane.²¹

Som vaksen vart Hannchen Jacobsen buande i heimen i lag med mora. Ho hadde eit trygt arbeid hos broren i familiefirmaet men ønskte truleg å verta sjølvstendig og å etablere eige firma. I 1904 var det ingen formelle hindringar for dette. På dette tidspunktet hadde ho eiga inntekt og dei same rettane elles som fotografbroren, men med eitt unntak. Ho kunne ikkje stemma ved Stortingsval. Dette fekk ho heller ikkje oppleve før ho døydde i 1908.

I 1904 vart Hannchen Jacobsen den andre kvinna i Stavanger på 1900-talet med eige firma innan fotobransjen. Den første vart Karen K. Henrichsen i 1901 (sjå note 3). I 1904 var det åtte atelierfirma i byen, og fleire kom til dei første åra etterpå. Hannchen Jacobsen & Co satsa, eller måtte satsa på fleire nisjeområde. Karen K. Henrichsen var ein meir reindyrka atelierfotograf. Hos Hannchen Jacobsen i Kirkegata 16 kunne folk både levera glasplatenegativ til framkalling og kjøpa det nye Kodak Brownie Box Camera med rullfilm som kom på marknaden i Noreg i 1903. Hannchen Jacobsen tok også på seg negativretusjering for fagfotografar i byen, og ho hadde eit lite atelier. Det er grunn til å tru at importen av det nye Kodak-kamera i 1903 og agen-



turet for dette i Stavanger, var hovudgrunnen til at Hannchen Jacobsen kunne etablera seg med eige firma. Ho annonserte første gong i Stavanger Aftenblad 27. februar 1904 med «*Nyt! Amatørfotografer. Nyt!*» Annonsen fortalde at ho den følgjande veka skulle opna ei forretning i fotografiske artiklar. Ho skulle også ta på seg negativretusjering for etablerte firma i byen: «*NB 1ste Klasses Negativretousche for Fagfotografer udføres*». Hannchen Jacobsen hadde nok framleis negativretusjering for broren og firmaet hans. Dermed hadde ho i alle fall ein sikker kunde. Firmaet reprofotograferte også eldre portrett og framkalla filmar for folk som hadde eigne kamera av den eldre typen med glassnegativ. Med det nye rullfilmkameraet vart fotografering mote hos borgarklassen. Dermed fekk Hannchen Jacobsen ei ny kundegruppe, dei første amatørgrafane.

Fig. 2. Hannchen Jacobsen ved arbeidsbordet med ferdigretusjerte glassnegativ i stativet til venstre og det nye Kodak rullfilmkameraet sentralt plassert i framgrunnen. Fotografiet er truleg frå 1905 eller 1906. I 1904 etablerte Hannchen Jacobsen eige firma med ei av søstrene som medhjelpar. Hannchen Jacobsen vart eineforhandlar av det nye Kodak kamera i Stavanger, framkalla filmar og selde fotoutstyr til den veksande gruppa av amatørgrafar i distriktet.

Foto: Rachel Johnsen? Privatarkivet Hannchen Jacobsen & Co, Statsarkivet i Stavanger.

Fig. 3. Hannchen Jacobsen poserer i eit atelier slik dei såg ut då sollyset var nødvendig for å fotografera inne. Ateliera var som oftast i loftsetasjen. Då kunne store takvindaug sleppa inn lys. Vi ser litt av vindaug et i høgre kanten. Dette var før elektrisiteten og før blits- eller magnesiumlampen si tid. Både atelierutstyret, som skrivebordet til høgre og bakteppet med blomstermotiv, fortel oss at dette må ha vore atelieret til broren, Carl Jacobsen. Alternativet var at dei to søskena brukte same atelieret. På den andre sida var truleg ikkje dette fotografiet av det moderne atelieret Carl Jacobsen fekk då han flytte til den nye Mauritzen-gården i 1905.

Foto: Rachel Johnsen? Privatarkivet Hannchen Jacobsen & Co, Statsarkivet i Stavanger.



Droger, Kjemikalier, Parfumer, Forbindsstoffe, artikler for Syge- og Barnepleien etc.». Hannchen Jacobsen annonserte på same tida at firmaet hennar i tillegg til alle typar fotografiske artiklar, også selde innramma bilete, fotografirammer og brevkortrammer. Firmaet hadde også eit rikt utval av postkort. Det same hadde Greve.

Edvine Jacobsen var medhjelpar hos søstera frå starten i 1904 til ho gifta seg

Hannchen Jacobsen var ikkje den første i byen som satsa på denne nye kjøpargruppa. I året 1900 hadde den tidlegare atelierfotografen Jan Greve opna fotobutikk. Greve og Jacobsen konkurrerte nok om den same kundegruppa. Dei to var heller ikkje åleine i byen om å selja fotografisk utstyr. Båe fekk etter kvart behov for å utvida vareutvalet. I 1906 vart dei naboar i Kirkegata. Dette året flytte *Greves fotografiske Forretning* til Kirkegata 15. Etter flyttinga annonserte Jan Greve i Stavanger Aftenblad 17. april 1906 at han hadde utvida vareutvalet: «*Forretningen er samtidig utvidet og føre*

eitt års tid seinare. Hannchen Jacobsen tok då inn veninna Rachel Johnsen (1870 – 1960) som partner i firmaet. Dei dreiv i lag til Hannchen Jacobsen vart sjuk og døydde 9. november 1908. Rachel Johnsen dreiv firmaet åleine i eige namn til ho måtte avvikla i 1916. Det første annonsen hennar nemner ikkje negativretusjering. I staden utvida Rachel Johnsen varesortimentet sitt med store og små lampeskjermar.²²Avvikling av firmaet i 1916 kom nok likevel som følgje av at firmaet mista Kodak-agenturet i byen til eit anna fotofirma.²³



Fig. 4-5, a og b. Desse to fotografia er gode eksempel på visittkortportrett frå 1860 – og 1870-åra.

Portrettet av utskiftingsformann P. B. Juel frå rundt 1865 viser den eldste typen visittkortfotografi. Jacobsen «maska bort» bakgrunnen rundt den avfotograferte personen. Kartongen har eit enkelt gummistempel på baksida. Dette var vanleg i 1860-åra.

P. B. Juel var ein av dei første utskiftingsformennene i Stavanger amt etter opprettinga av det offentlege jord-

DEN FOTOGRAFISKE ARVEN ETTER FAMILIEN JACOBSEN

-portrett og byprospekt

Dei tre tidlegare artiklane om Stavanger-fotografiet og boka om fotografihistoria i Rogaland presenterte eit rikt utval av produkta til Jacobsen-fotografane (sjå note 1). Då Carl Lauritz Jacobsen etablerte seg i Stavanger, var visittkortportrettet nytt.

Det var for dyrt å fotografera seg for folk flest. Portrettfotografering vart gradvis eit viktig grunnlag, men ikkje heile levebrødet for Jacobsen-familien og for dei andre fotografane i byen. Dei måtte derfor tilby fleire produkttypar enn bare portrett. Avisannonser er gode kjelder her. I Stavanger Amtstidende og Adresseavis den 12.7.1865 annonserte Carl Lauritz Jacobsen at han nyleg var heimkomen frå ei utanlandsreise, og at han hadde med seg heim frå Berlin og til låge prisar «nye Sager, henhørende til Photographien, saasom

skifteverket i 1859. Den første rettsprotokollen hans frå Jæren og Dalane går tilbake til 1863. Den siste avslutta han i 1908. Få hadde så gode kunnskapar om kulturlandskap og landbruk i fylket vårt som Juel. Derfor var det truleg viktig for han å ha fotografi av seg til utdeling.

Portrettet av Ida Mydland frå Sokndal er frå tidleg i 1870-åra. Dette er ikkje eit enkelt brystbilete, men eit portrett i halvfigur. Vi ser også støtta kvinna kvilde armen på. Vel så interessant er det at Carl Lauritz Jacobsen då hadde tatt i bruk ein ny kartongtype og skaffa seg ein flott firmalogo. Tolkar vi denne bokstavleg, fortel firmalogoen at fotografen gjerne såg seg sjølv som ein utøvande kunstnar på like fot med kunstmålarane.

Foto: C. L. Jacobsen. Sven Johnssons privatarkiv, Statsarkivet i Stavanger.

Album, Rammer, Stereoskop og Visitkort-Billeder». I avisa Stavangeren annonserte han den 4.2.1867 at han kunne tilby: «**Photograph** I Enke-madame Sands Huus i nedre Strandgade, photographerers daglig Visitkort og større Photographier og Glasbilleder. Alleslags Kopieringer af Malerier, Kobberstik, Daguerreotypier, Photographier udføres smukt og billig. Ligeledes enhver Gjenstand som kan photographeres til Prøver eller Modeller, udføres af Photograph C. L. Jacobsen».

Men både Carl Lauritz Jacobsen og andre fotografar måtte produsera andre fotografi enn dei som kom frå atelier. I 1860- og særleg i 1870-åra annonserte fleire Stavanger-fotografar at dei leverte byprospekt (fig. 6) på bestilling. I følgje annonse i Stavanger Amtstidende og Adresseavis 14.5.1869 kunne Carl Lauritz Jacobsen levera fotografi av Stavanger domkirke etter restaureringa (av eksteriøret). Så langt vi kan sjå, var dette den første annonsen hans for eit spesielt motiv i byen.

I 1876 kunngjorde Jacobsen i tre annonsar at han selde fotografi av «*det Indre og Ydre af Domkirken*», av «*Missionshusets Indre og Ydre*» og «*Fotografier af Byen fra forskjellige Steder*».²⁴ Bokhandlarane og reiselivsorgan som turistbyrå og dampskipsekspedisjonar selde slike byprospekt som samleobjekt. Etter opninga av den nasjonale Turistrute 7 i 1887, kom det ei ny utanlandsk, oftast britisk, kjøpargruppe til Stavanger.

I ettertid viser annonsane at fotografane kom med tilbod om avfotografering eller kopiering av alle typar eldre bilete. I 1880-åra og seinare annonserte Jacobsen-fotografane at dei restaurerte maleri, og at dei hadde rammeverkstad. Då vart det populært å levera forstørra portrett i flotte malerirammer. Det var kanskje den kunstinteresserte August Jacobsen som hadde denne oppgåva.

Carl Lauritz Jacobsen og andre tidlege fotografar brukte avisene flittig. Så langt vi kan sjå, var sonen Carl Jacobsen kanskje den fotografen som annonserte oftast i Stavanger-avisene etter at han overtok familiefirmaet i 1892. I januar og februar 1894 hadde han til eksempel nærmast fast spalteplass øvst på førstesida til avisa Stavangeren med annonsen «*Fotograf Jacobsens Atelier anbefales*».

Etter at Carl Jacobsen fotograferte under Kong Oscar II sitt besøk i 1896, endra han tekstsida på fotokartongane sine. Han stod då nærast fram som ein

kongeleg hoffleverandør (fig. 7 – 9). Portretta i kabinettformat frå åra etter 1896 representerte også eit høgdepunktet i karrieren hans, både kunstnarleg og teknisk. I Stavanger Aftenblad den 2. februar 1898 hadde han til eksempel denne annonsen: «**Fotograf Jacobsens Atelier** er nu **helt nyt** udstyret med Decorationer og Baggrunde. For større Grupper behag at bestille Time». Disse åra var likevel ikkje lette for Carl Jacobsen. Han hadde opna atelieret sitt for søndagsfotografering i 1896 og fekk dei andre etablerte fotografane mot seg.²⁵



Tidleg på 1900-talet annonserte fotografane med nye portrett-typar, som småbarns-, konfirmant- og studentfotografi (fig. 10 – 12). Carl Jacobsen hadde særleg store annonsar i avisene då Karen K. Henrichsen og Hakon Johannessen opna atelieret sitt i 1901.

Fig. 6. Både Carl Lauritz Jacobsen og andre fotografar i Stavanger annonserte i lokalavisene at dei leverte byprospekt på bestilling. Dette var særleg vanleg frå slutten av 1860-åra og i 1870-åra. Då fotograferte dei helst frå dei tre kjende utkikkspunkta, Valberget på nordsida av Vågen, til venstre på dette fotografiet, landstaden Bellevue der den store Stavanger museum-bygningen kom i 1893, og frå Blidensol ved Løkkeveien, på sørsida av Vågen. Dette fotografiet er frå Blidensol. Carl Lauritz Jacobsen ønskte først og fremst å visa den nye og store St.

Petri kirke frå 1866. I bakgrunnen kneiser Frue kirke (Hettland) frå 1854, medan Stavanger domkirke ligg meir anonym i framgrunnen til høgde.

Foto: C. L. Jacobsen. *Carl Jacobsens fotosamling, Stavanger byarkiv.*

Fig. 7 - 8a- b og 9. Dei tre portretta i visittkortformat viser alle til yrket eller profesjonen til dei avfotograferte. Dei tre mennene til venstre vart fotograferte som soldatar på eksersersplassen Maldesletten tidleg i 1890-åra. Både Carl Jacobsen og andre fotografar hadde i korte periodar gjestatelierer der. Då brukte dei gjerne, som Jacobsen, måla atelierterpe med landskap og militærtelt. Firmalogoen på baksida av fotokartongen var den same som faren brukte i 1870-åra (fig 5b), men Jacobsen-fotografane brukte også andre kartong- og firmalogotypar



i 1870 – og 1880-åra (sjå til eks. fig. 10b og 19b).

Carl Jacobsen var fotograf under besøket til kong Oscar II på Maldesletten og i Stavanger i 1896. Like etter bestilte han ein ny fotokartongtype (fig. 8b). Carl Jacobsen stod då nærast fram som ein kongeleg hoffleverandør. Men han var ikkje åleine om å vera «Prisbelønnet». Det var til eksempel broren August Jacobsen som fekk utmerking på den store turistutstillinga i København i 1888, som kartongen viser til.

Denne kartongtypen brukte Carl Jacobsen til etter 1900 (fig. 8a og 9). Mannsportrettet er frå før 1900 og viser den seinare NSB-konduktøren Gunleif Løge i politisekretæruniform. Den ukjende kvinna vart fotografert om lag på same tida. Antrekket hennar viser kanskje til at ho var leiari for eit matutsal eller for eit bakeri i byen. Foto: Carl Jacobsen. Statsarkivet i Stavanger og privat eige.

Den aktive bruken av pressa stilna gradvis av i åra etter 1905. Kanskje var Carl Jacobsen og firmaet hans så innarbeidd at det ikkje var behov for annonseringar. Kanskje trappa Jacobsen ned. I tillegg til Hakon Johannessen og Karen K. Henrichsen opna andre dyktige og aktive unge fotografar atelier i Stavanger desse åra, både Waldemar Eide, Oscar Gulliksen og Hans Joachim Norland, dei to siste i 1911.

Ser vi perioden under eitt, kan vi slå fast at atelierportrett var den mest om-

fattande produkttypen for Jacobsen-familien. Visittkortportrettet og visittkortalbum var mote like til Carl Jacobsen avvika firmaet. I åra før 1915 var det likevel ei merkbar nedgangstid for denne fotografitypen.

Byprospekt i tradisjonell form var ei viktig tilleggsguppe for Carl Lauritz Jacobsen. For sonen Carl vart byprospekta til reklamefotografi for næringslivet og til dokumentasjonsoppdrag for kommunen.

-reklamefotografi til næringslivet

Frå 1870-åra og framover leverte også firmaet Jacobsen oppdragsfotografi frå område utafor byen og fotografi til næringslivet i byen og distriktet. Carl Jacobsen hadde fleire oppdrag for den nye hermetikkindustrien i Stavanger.²⁶ Han var og fotograf for Aagaards Uldvarefabriker til 25 års-jubileet i 1895 og for Stavanger Turistforening i 1901.²⁷ Etter at Hakon Johannessen etablerte

seg i byen i 1901, overtok han ganske raskt ein større del av oppdragsfotografering for næringslivet.²⁸

-oppdrag for det offentlege

I 1890-åra kopierte og selde Carl Jacobsen byprospekta etter faren frå 1860- og 1870-åra. Han fotograferte også nye prospekt. I 1899 vart han engasjert som fast fotograf av Stavanger formannskap for å dokumentera bygnings- og gatemiljø i Stavanger.²⁹ Carl Jacobsen la dermed grunnlaget



Fig. 10 – 12, a-b. Det var ikkje naturleg at ein familie brukte same fotograf-firma i fleire tiår. Desse tre portretta høyrer til ein familie på Hårr i Varhaug/Hå. Brurebiletet av Berta Kirstine og John Haarr er frå 1883, familiebiletet med fosterdottera Maria frå etter 1896, og konfirmantbiletet av Maria frå 1906. Dei tre fotografia har ulike kartongbaksider. Den eldste var vanleg ein kortare periode i 1880-åra, den mellomste med kongekrone viser at fotografiet er frå etter kongebesøket i 1896, og den yngste frå 1906 viser ei enkel utgåve av denne «kongelege» kartongtypen. Dette var ein av dei siste kartongtypene Carl Jacobsen brukte. Det grafiske form-språket på kartongane hans vart enklare utpå 1900-talet. Jacobsen tok ikkje i bruk Jugend-inspirerte fotokartongar rundt 1910 som yngre kollegaer, til eksempel Waldemar Eide.

Foto: Carl Jacobsen. Privat eige.

Fig. 13. Dei eldste oppdragsfotografia for næringslivet i Rogaland går tilbake til 1890-åra. Carl Jacobsen hadde også oppdrag for bedrifter utafor Stavanger. Det vanlege då var å fotografera bygningane og arbeidsstokken, ikkje produkta det aktuelle firmaet leverte. Aalgaards Uldvarefabrikker var 20 år i 1895. Eigaren Ole Nielsen engasjerte Carl Jacobsen til å fotografera til jubileet ein vinterdag i 1895. Nielsen fekk laga både ein kortfatta, illustrert firmahistorie og nye illustrerte brevark til bedrifta. Jacobsen fotograferte arbeidsstokken både på Ålgård og på filialfabrikken på Figgjo. Her ser vi nokre av arbeidarane på Ålgård.

Foto: Carl Jacobsen. DFU-arkivet, Statsarkivet i Stavanger.



vart det første i denne lange einstypeserien.³⁰ På same tida laga også Carl Jacobsen eit portrettgalleri av tidlegare ordførarar i Stavanger.

Carl Jacobsen vart engasjert av NSB, Stavanger distriktskontor til dokumentasjon av 20-års jubileet til Jærbanen i 1898 (fig. 15). Han fotograferte elevar ved amtsskulekurs. Det eldste kjende er av kurset i Strand kommune i 1897 (fig. 16). Det er uvisst om Stavanger Amtsformannskap engasjerte Jacobsen til slike oppdrag, eller om han tok initiativet sjølv. Det same gjeld for dokumentasjonen av besøket til Kong Oscar II i Stavanger og på Madlamoen i 1896. Carl Jacobsen hadde gjesteatelier og fungerte ei tid som «militær-fotograf» på Madlamoen, men på dette området var han ikkje den einaste. Jan Greve fotograferte også soldatar i 1890-åra. Det same gjorde andre

for «*Formannskapets fotoarkiv*», i dag ved Stavanger byarkiv. Men også på dette området fekk Hakon Johannessen raskt innpass etter at han etablerte seg i Stavanger i 1901.

Carl Jacobsen hadde likevel fleire andre oppdrag for det offentlege, både kommunen og staten. Som «kommunens fotograf» vart han den første som fotodokumenterte alle representantane i bystyret. Han sette alle portretta saman til ein stor fotomontasje. Fotografiet av Stavanger bystyre 1902-1904

Stavanger-fotografar i 1870- og 1880-åra.

-interiørfotografi frå private heimar

I negativarkivet etter Hakon Johannessen finst det mange motiv frå private heimar frå rundt 1910 – 1920.³¹ Det var som oftast borgarskapen som ønskte å dokumentera, eller visa fram bestestovene sine. I den delen av negativarkivet som er bevart etter Carl Jacobsen ved Stavanger byarkiv, dominerer motiv av bygningsmiljø. Vi har likevel ikkje grunnlag for å seia at han ikkje



Fig. 14. Dei fleste oppdragsfotografia for Stavanger formannskap viser bygnings-, gate- og hamnemiljø i Stavanger sentrum. Carl Jacobsen fotograferte også i byen før han vart kommunal oppdragsfotograf i 1899. Dette biletet er frå Vågen. Bygningen i bakgrunnen med fleire dører var lagerbygning for alle torghandlarane i byen.

Foto: Carl Jacobsen. Carl Jacobsens fotosamling, Stavanger Byarkiv.

hadde private oppdrag på dette området. Jacobsen-firmaet hadde i alle fall oppdrag for Alexander L. Kielland i heimen hans ved Breiavatnet. Det er usikkert om fotografia av stovene i diktarheimen skriv seg frå tida etter at Kielland vart borgarmeister i byen hausten 1891, eller om Kielland ville dokumentera seg sjølv og heimen sin før han flytte til Molde i 1902 for å overta amtmannsembetet i Romsdalen.³²

-reportasjefotografi og oppdrag for avisene

Før 1915 var det mest ikkje pressebilete i avisene.³³ Når fotografi av aktuelle hendingar skulle presenterast, brukte fotografane utstillingskassar. Desse var som oftast plasserte på gata utafør atelieret. På førehand averterte gjerne fotografane i avisene om at nå kunne publikum sjå aktuelle nye fotografi i



Fig. 15. NSB Stavanger distriktskontor fekk laga denne fotomontasjen til 20-års jubileet for Jærbanen i 1898. Dette er eit av dei eldste fotografia i arkivet til NSB Stavanger distriktskontor. Det viser heile personalet og alle dei 12 stasjonsbygningane langs Jærbanen. Carl Jacobsen meistra den store utfordringa det var å samla alle desse enkeltmotiva i eitt bilete. Dette viser også at han var både handverkar og kunstnar. Teikningane øvst på

kartongen illustrerer jernbanesporet, både langs sjøkanten i Ogna og i tunnelen ved Vågen i Stavanger. Jacobsen var sikkert fornøgd med resultatet. Han annonserte i alle fall i Stavanger Avis 9. juli 1898 at folk i byen kunne studera fotografiet i utstillingskassen ved Jernbaneveien.

Foto: Carl Jacobsen, NSB-arkivet. Statsarkivet i Stavanger.



Fig. 16. I 1880-åra fotograferte særleg Jan Greve og Carl Kørner amtskuleelevar i grupper, enten lokalt eller i atelier i Stavanger. I 1890-åra laga fotografane dei første skulefotografia som elev- og lærarmontasjar. Dette er eitt av dei eldste, kjende montasjefotografia til Carl Jacobsen. Det viser amtskulen i Ryfylke, vinterkurset i Strand i 1897. Det heilt uvanlege med akkurat dette fotografiet er at Carl Jacobsen plasserte eit portrett av seg sjølv øvst.

Foto: Carl Jacobsen. Arkivet etter Amtsskulen i Ryfylke, Statsarkivet i Stavanger.

Fig. 17 – 18. Carl Jacobsen tok fleire interiør- og eksteriør-fotografi av heimen til forfattaren Alexander L. Kielland. Kielland ønskte truleg å dokumentera barndomsheimen før han flytte til Molde i 1902 for å verta amtmann i Romsdal. Kanskje kjende han på seg at han ikkje kom tilbake dit. Det gjorde han heller ikkje. Kielland døydde på sjukehus i Bergen i 1906.

Her ser vi to av fotografia til Jacobsen. Det eine viser stovemiljø med perspektiv inn til spisestova der Kielland sit ved matbordet. Det andre viser soveromet hans. Eit tredje fotografi finst i artikkelen til Risa, L., 2013, side 52.

Foto: Carl Jacobsen. Anders Bærheims arkiv, Statsarkivet i Stavanger.



utstillingskassen. Publikum kunne bestilla fotografi frå spesielle hendingar, eller av kjendisar som dei les om i avisene. På dette området var det eit gjensidig samarbeid mellom dei lokale avisene og fotografane som både partar hadde økonomisk utbytte av.

Fotograf Jacobsen hadde sikra seg utstillingskasse ved Jernbaneveien, promenadegata langs Breiavatnet til den nye jernbanestasjonen. Der stilte han til eksempel ut ferske reportasjefotografi frå besøket til Kong Oscar II



Fig. 19 a – b. Både Carl Lauritz Jacobsen og sonen Carl annonserte i lokalavisene når dei hadde fotografert kjende bygningar eller kjende personar i byen. Den 10.1.1874 annonserte Carl Lauritz Jacobsen i Stavanger Amtstidende- og Adresseavis at han selde fotografi av byfogd H. O. Christensen (1800 – 1891). Christensen var ein institusjon i byen. Han hadde det kombinerte byfogd- og magistratembetet frå 1832 til 1889. Han var også politimeister i byen fram til 1859 og stortingsrepresentant for Stavanger i åra 1833–48 og 1862–70. Dessutan fungerte han som lagtingspresident, og han var stortingspresident i 1848.

På baksida av fotokartongen finst ei helsing frå Christensen «Til min kjære Ven Hr. Doctor E. Lange». Det mest interessante for oss er likevel firmalogoen på kartongen. Denne viser at Jacobsen hadde filiatelier i Bergen i 1874. Foto: C. L. Jacobsen. Leif Buch Hansens arkiv, Statsarkivet i Stavanger.

i 1896, i 1898 det flotte jubileumsfotografiet til Jærbanen, og i august 1905 eit portrett av Christian Michelsen, den nye norske statsministeren.³⁴

-frå byprospekt til postkort

Byprospekta og dei seinare fotografia av bygningar og miljø i byen var i utgangspunktet både resultat av initiativ hos fotografane og oppdrag for kommunen eller næringslivet. Dei kunne og vera resultat av samarbeid med bokhandlarar og reisebyrå. Før postkortmoten slo gjennom for fullt frå 1905 og utover, var byprospekta eit viktig produkt i tillegg til portrettfotografering. Carl Lauritz Jacobsen og sonen Carl var begge leiande byfotografar på 1800-talet. Hannchen Jacobsen overtok på dette området i 1904. Då vart dei tidlegare byprospekta til postkort og reportasjefotografi.



Fig. 20. Jens Zetlitz Kielland (1873 – 1926) var ingen stor forfatter som faren Alexander L. Kielland, men som medlem av Kielland-familien hørde han til "dei kjende" i byen. Likevel finst det ikkje så mange portrett av han. Ein gong mellom 1905 og 1910 fotograferte Jens Zetlitz Kielland seg hos Carl Jacobsen, med og utan ein lys hatt. Dette portrettet viser Kielland utan hatt. Portrettet med hatten er meir kjent. Dette vart brukt som portrett som framstilte faren under Alexander Kielland-jubileet i 1999. Foto: C. L. Jacobsen. Privat samling. Statsarkivet i Stavanger.

-postkort og reportasjefotografi

Hannchen Jacobsen hadde som nemnt fått sitt spesialområde som Kodak-forhandlar då ho starta for seg sjølv i 1904. Ho vart også ein god representant for to nye fotografiske produkt tidleg på 1900-talet, postkortet og reportasjefotografiet.

I åra rundt 1905 var postkorta svært populære. Noreg vart sjølvstendig i 1905, landet fekk eigen kongefamilie og næringsliv og turisme blomstra. Det var med andre ord mange aktuelle postkortmotiv. Hannchen Jacobsen såg potensialet i Stavanger. Ho fotograferte i byen både under folkeavstemminga om unionsoppløysing 13. august 1905, då det nye kongeparet besøkte Stavanger under kroningsturen i juli 1906, og ved seinare 17. mai-feiringar. I ettertid ser vi at det var på området lokalproduserte postkort, eller reportasjekort som Hannchen Jacobsen fekk det viktigaste arbeidsområdet sitt ved sida av Kodak-agenturet. Ho var ute i byen og fotograferte folkelivet på "store" dagar. Etterpå produserte ho sjølv fotografiske postkort eller reportasjefotografi som ho selde i butikken sin. På den tida vart dei aller fleste postkorta produserte i Tyskland. I ettertid ser unekteleg postkorta til Hannchen Jacobsen litt heimelaga ut. Dette var fotografi produserte på fotopapir med postkortformat, ikkje trykte kort. Likevel er desse reportasjefotografia den viktigaste fotografiske arven etter henne i dag.

Postkort med «vanlege» lokale motiv vart også svært populære. Mange, både fotografar og folk frå andre yrkesgrupper, satsa på postkortproduksjon. Hannchen Jacobsen vart ikkje ein av dei store turist- eller postkortfotografane i Rogaland. Ho fann den viktigaste motivgruppa si i Stavanger (fig. 23). Desse postkorta vart produserte profesjonelt, truleg i Tyskland. Slike kort var kanskje resultat av oppdrag ho fekk frå andre. Hannchen Jacobsen fotograferte også i Ryfylke og på Jæren, men det finst få, kjende postkort frå hennar hand frå desse områda.

DEI SISTE ÅRA TIL FOTOFIRMAET JACOBSEN

Då Rachel Johnsen overtok etter Hannchen Jacobsen frå desember 1908, endra ho på tenestetilbodet og på vareutvalet (sjå ovanfor). Rachel Johnsen var truleg ikkje engasjert i fotograffaget på same måte som Hannchen Jacobsen sidan firmaet ikkje lenger tok på seg retusjering for andre firma i byen. For Rachel Johnsen var det naturleg, kanskje også nødvendig å satsa på

andre produkt, som lampeskjermar. Etter at ho mista Kodak-agenturet, avvikla Rachel Johnsen firmaet i 1916, året etter at Carl Johan Jacobsen hadde avvikla familiefirmaet Jacobsen.

Dei siste åra hadde Carl Jacobsen konsentrert seg om tradisjonell atelierfotografering. Han vart ikkje postkortfotograf. Vi har og sett at andre fotografar i byen, særleg Hakon Johannessen, fekk dei fleste oppdraga for det veksande næringslivet i byen. Andre fotografar enn Carl Jacobsen fekk også etter kvart oppdrag for kommunen.

Den 7.9.1915 annonserte Carl Johan Jacobsen i Stavanger Aftenblad at han skulle avvikla firmaet og at « ... *hele min pladesamling av person- og familiebilder, huse, fabrikkbilder etc. i løbet av kort tid billig til salgs. Enhver vil vistnok sætte pris paa at faa sine egne plader i sin besiddelse. Disse er godt vedligeholdt. Fotograf Jacobsen – Provstebakken – telefon 256. Privat 551*».

Fotograf Jacobsen var ingen gammal mann i 1915, men han hadde nok sett at han kunne tena pengar på ein enklare måte i den blomstrande hermetikkindustrien. Dermed enda den siste fotograf Jacobsen i Stavanger som importør av olivenolje til brislingproduksjonen i byen.

I 1919 døydde Carl Jacobsen. Då var det bare broren, Louis Jacobsen i Bergen, som var i arbeid som fotograf. I dag finst det nok fleire tusen Jacobsen-portrett rundt om i private heimar, museum og arkivinstitusjonar, like eins mange fotografi av bylandskap, bygningar, fabrikkar med vidare. Dette er fotografi etter minst fem medlemmar av familien Jacobsen.

Fotofirma Jacobsen var eit av dei solide firma i byen og fekk ei lang levetid. Det spesielle med *familien* Jacobsen samanlikna med alle dei andre, var først og fremst at ein heil familie, både foreldre, tre søner og minst tre døtre var engasjerte som, eller etablerte som fotografar i Stavanger i ein samanhengande periode på 51 år. Familien var representativ for fotografane på 1800-talet. Dei var både handverkarar og kunstnarar, dei var tilflyttarar i Stavanger og hadde i alle år ei nær tilknytning til Tyskland. Dei var mobile, nokre av dei truleg litt rastlause. To av dei, Louis og Carl Jacobsen, prøvde seg som fotografar i Australia, Louis også som fotograf i Kristiania og Bergen.



August Jacobsen vart ein kjend kunstmålar. Carl Jacobsen vart både den første «kongefotografen» i Stavanger og den første kommunale oppdragsfotografen i byen. Hannchen Jacobsen vart den første reportasjefotografen i Stavanger.

Då Carl Jacobsen forlet atelieret som den siste i familien i Stavanger, kom også visittkortportrettet, den første og eldste fotografitypen, til vegg ende. Visittkortportrettet representerte den viktigaste inntektskjelda for dei første fotografgenerasjonane i byen.



Fig. 21 – 22. Hannchen Jacobsen var ikkje atelierfotograf i tradisjonell forstand, men først og fremst reportasje- og postkortfotograf. Ho fekk gjennombrøt sitt på dette området under kongebesøket i Stavanger i juli 1906. Då fotodokumenterte ho både utsmykinga av byen med tre store kongeportalar og alt som skjedde denne historiske dagen. Etterpå stilte ho ut fotografia i butikken sin og tok mot bestillingar. Fotografia vart produserte som postkort.

Fotografiet på side 66 viser kongefamilien i vogna utafor bygningane til Stavanger Sparekasse og Stavanger fengsel. Fotografiet på denne sida er frå hamna og viser den vesle kongefamilien i det dei skal ta fatt på køyreturen gjennom byen.


Foto: Hannchen Jacobsen. Privatarkivet Hannchen Jacobsen & Co, Statsarkivet i Stavanger.

Kanskje låg det noko symbolsk i det steget Carl Jacobsen tok i 1915, frå fotografatelieret til den veksande hermetikkindustrien i byen.

Fig. 23. Hannchen Jacobsen produserte også tradisjonelle postkort, dei fleste med motiv frå Stavanger. Dette postkortet sende ein britisk turist heim til Sussex i 1907. Det er stempla Bureau de mer de Norvege, truleg på eit dampskip. Kvar sommar kom det mange turistar frå Storbritannia og Tyskland til Stavanger. Byen var utgangspunktet for Den nasjonale turistrute nr. 7 som gjekk gjennom Suldal, Bratlandsdalen, Røldal og til Odda og Bergen.

Dette kortet er frå Domkirkeplassen og viser ein av dei flottaste hesteekvipasjane til vognmann Svella i Bergelandsgata, den tids drosjesentral i byen. Kiellandhuset i bakgrunnen vart rive i 1907. Teksten viser til at dette var hovudmotivet.

Foto: Hannchen Jacobsen. Privatarkivet Hannchen Jacobsen & Co, Statsarkivet i Stavanger.



Notar

1. Risa, L., 2013, Henriksen, E., 1993, Henriksen, E., 1994 og Risa, L., 2011.
2. Dorothea Arentz var den første kvinnelege fotografen i Stavanger amt. Ho hadde atelier i Hetlandsgata i åra ca. 1861 – 1880 og hadde Lina Bahr som kollega i åra ca. 1864 – 1867. Sjå nettutstillinga (2013): <http://www.fotonettverk-rogaland.no/Nettutstillinger/Her-er-artikkel-nr.-1-i-vaar-serie-om-dei-foerste-kvinnelege-fotografane-i-Rogaland-Photographistinden-Dorothea-Arentz>
3. Karen K. Henrichsen gunnla firmaet Henriksen & Co saman med Hakon Johannessen i 1901. Dei kom båe frå Arendal til Stavanger. Dei skilde lag i 1907. Karen K. Henrichsen etablerte då firma åleine. Sjå nettutstillinga (2013): <http://www.fotonettverk-rogaland.no/Nettutstillinger/Karen-Christine-Henrichsen>
4. Stavanger byarkiv har ei fotosamling etter Carl Jacobsen, BySt 1986/1: 1 – 404. Denne inkluderer alle enkeltportretta av bystyremedlemmene 1902 – 1904. Nr. 1 – 157 utgjer byprospekta hans frå om lag 1895 – 1915 (oppdragsfotografi). Dei aller fleste nummer er glasnegativ. BySt 003, «Formannskapetets fotoarkiv», inneheld tilsvarende positiv. Repronegativ frå 1890-åra og seinare av byprospekta til Carl Lauritz Jacobsen og andre tidlege fotografar finst i samling BySt 1983/11: 1 - 239. Desse vart samla til ei utstilling av gamle Stavanger-fotografi i 1970. Stavanger byarkiv har også om lag 15 kopiar av private fotografi frå Jacobsen-familien. Statsarkivet i Stavanger har den bevarte delen av negativarkivet etter Hannchen Jacobsen og Rachel Johnsen.
5. Forfattar: Kavli, Brit Jacobsen med fleire (1986). Heftet finst i privat eige i Stavanger.
6. Barnelista er ikkje komplett/korrekt i det upubliserte slektsheftet og på familieoversyn på nettet. Lista nedanom er basert på informasjon frå kyrkjebøker for Bergen domkirke, Nykirken i Bergen og for Stavanger domkirke på nettstaden til Arkivverket; www.digitalarkivet.no

Første barnet vart døypt i Nykirken i Bergen (dåp nr. 8, 1862), barn nummer to i Bergen domkirke (dåp nr. 114, 1863) og dei andre barna i Stavanger domkirke. Barna var:

1. Johanne Wally f. 10.12.1861 i Bergen, d. 1935 i Bergen.
2. Carl Johan f. 4.5.1863 i Bergen, d. 18.3.1919 i Stavanger.
3. Louis Anton f. 20.2.1865 i Stavanger, d. 1945 i Bergen.
4. Edvin Alex, f. 16.9.1866 i Stavanger, d. 7.4.1871 i Stavanger.
5. August Julius f. 9.8.1868 i Stavanger, d. 28.1.1955 i Stavanger.
6. Hanchen Louise Wally (Hannchen) f. 27.10.1869 i Stavanger, d. 9.11.1908 i Stavanger.
7. Edvine Alette Wally f. 14. juni 1871 i Stavanger, d. i USA (Alette Wally i kyrkjeboka for Domkirken i Stavanger).
8. Karen f. 13.11.1874 i Stavanger, d. 1962 i Oslo (ikkje i dåpsoversynet).
9. Oskar f. 1.10.1876 i Stavanger, d. 27.3.1879 i Stavanger.
10. Robert Hannibal Bock f. 10.11.1878 i Stavanger, d. 4.4.1882 i Stavanger, av hjernebetennelse. Han vart kalla opp etter svogeren til Louise Jacobsen, apotekar Robert Theodor Bock i Waldenburg, Tyskland som fire av barna hennar budde hos medan dei gjekk i fotograflære. Vi brukar dei kursiverte namna i denne artikkelen. Det var desse namna barna som voks opp, brukte sjølv, og som dei var kjende med.
7. Henriksen, E., 1993, s. 134.
8. Den nasjonale databasen, www.nb.no *Registre over norske fotografer og fotografiske samlinger* opplyser at adressa i Bergen i 1870-åra var Torvaldskemp 12, og at Jacobsen sannsynlegvis bare var der ei kort tid før 1873 i kompaniskap med fotograf C. A. Müller. Dette kan vera ei ukorrekt opplysning.
9. Risa, L., 2013, s. 78 – 79.
10. Første annonsen stod i Stavanger Amtstidende og Adresseavis 12.4.1864. I dag held MUST Stavanger maritime museum til i Nedre Strandgt. 17/19.
11. Henriksen, E., 1993, s. 133.
12. Liste over dei første tilreisande fotografane hos Risa, L., 2013, s. 78.
13. Henriksen, E., 1993, s. 165. Risa, 2011, s. 46 og 49.
14. Risa, L., 2011, s. 58 – 59. I Egersundsposten 15.6.1870 opplyste han at han fo-

tograferte i huset til «Jomfru Salvesen», seinare på «Skrivervallmenningen og i Tobias Thorsens Hus». Som gjestefotograf i Haugesund hadde han adressen «Halvor Olsens Hotel».

15. Henriksen, E., 1993, s. 135.
16. Risa, L., 2011, s. 66.
17. Kavli, B.J. 1986 viser til at både Carl Lauritz og to av dei yngste sønene; Edvin og Oscar, døydde av skarlagensfeber i 1879: Dette er ikkje korrekt. Edvin døydde i 1871.
18. Henriksen, E., 1993, s. 162.
19. Risa, L., 2011, s. 34. Ein av dei meir kjende var fotograf Poul Holgersen. Han gjekk i lære hos Carl Lauritz Jacobsen før han opna eige firma i Kirkegata 3 i 1876. Då Jacobsen døydde, styrte han firmaet for Louise Jacobsen til han emigrerte til USA i 1882 og opna stort fotograf-firma i Chicago.
20. Annonse i Stavanger Amtstidende og Adresseavis 27.3.1880 (dottera) og same avis 18.3.1882 (sonen).
21. Risa, L., 2011, s. 170.
22. Stavanger Aftenblad 12.12.1908: Annonse om overtaking av firmaet, og om varene ho kunne levera.
23. Annonse i Stavanger Aftenblad 21.9.1916.
24. Annonse i Stavanger Amtstidende og Adresseavis 13.7.1876 og Risa, L., 2012, s. 55.
25. Henriksen, E., 1994, s. 104 – 106.
26. Risa, L., 2011, s. 136 – 137.
27. Annonse i Stavanger Aftenblad 27.9.1901 om fotografering i Lysebotnen og frå Lysefjorden. Sjå og Risa, L., 2011, s. 131 – 133.
28. Henriksen, E., 1994, s. 112 – 118.
29. Henriksen, E., 1994, s. 120 – 125 og Risa, L., 2013, s. 65 – 68.
30. Stavanger byarkiv har originalfotografiet. Sjå og Henriksen, E., 1994, s. 121.
31. Det eldste oppdragsarkivet etter Hakon Johannessen er delt mellom Stavanger byarkiv og Statsarkivet i Stavanger.
32. Risa, L., 2013, s. 52 – 53.
33. Risa, L., 2013, s. 73 – 75.
34. Risa, L., 2011, s. 138 – 139.

Kjelder

STATSARKIVET I STAVANGER

Sjå og www.arkivverket.no nedanfor.

Byfogden i Stavanger:

Register over sletta firma 1891 – 1987.

Firmaregisterprotokoll B2, 1900 – 1911.

Norges Brannkasse: Branntakstprotokollar 1864 - 1915.

Privatarkiv nr. 1479: Negativsamling Hannchen Jacobsen.

STAVANGER BYARKIV

Likningsprotokollar for Stavanger.

Negativsamlingar etter fotofirma Carl Jacobsen. Sjå note 4.

NETTSTADER

www.arkivverket.no Digitalarkivet:

-Folketeljningane 1865, 1875, 1885, 1900 og 1910 for Stavanger.

-Byfogden i Stavanger: Panteregister og pantebøker.

-Kirkebok for Nykirken, Bergen, B2, 1858 – 1861, døypte 1862, nr. 8.

-Kirkebok for Bergen domkirke, nr. B4, 1859 – 1871, døypte 1863, nr. 114.

-Kirkebok for Stavanger domkirke, nr. A16, 1855 – 1867, nr. A21, 1868 – 1877 og nr.

A25, 1878 – 1889: Dåpsinnførslar 1865, 1866, 1868, 1869, 1871, 1874, 1876 og 1878.

<http://www.nb.no/nmff/> : Register over norske fotografer og fotografiske samlinger.

<http://www.fotonettverk-rogaland.no> :

-Historia. 3.2 Atelierfotografar i Stavanger før 1960.

-Tre nettutstillinger om kvinnelege fotografar:
<http://www.fotonettverk-rogaland.no/Nettutstillinger/Her-er-artikkel-nr.-1-i-vaar-serie-om-dei-foerste-kvinnelege-fotografane-i-Rogaland-Photographistinden-Dorothea-Arentz>

<http://www.fotonettverk-rogaland.no/Nettutstillinger/Karen-Christine-Henrichsen>

<http://www.fotonettverk-rogaland.no/Nettutstillinger/Hannchen-Jacobsen>

AVISER

Fotografannonsar i:

Stavanger Amtstidende- og Adresseavis 1841–1906.

Stavanger Avis 1889–1911.

Stavangeren 1852–1899.

Stavanger Aftenblad 1893–1915.

Litteratur

Ekeberg, Jonas/Østgaard Lund, Harald (red), 2008: 80 millioner bilder. Norsk kulturhistorisk fotografi 1855-2005.

Henriksen, Egil, 1993: Fra kuriositet til etablert håndverk. Stavanger Museum Årbok 1992.

Henriksen, Egil, 1994: Portrett, illustrasjon og dokumentasjon. Stavanger Museum Årbok 1993.

Kavli, Brit Jacobsen (red): Slekten Wally, Jacobsen fra Bygdøy, Bærum og Garding til Stavanger og Oslo. Upublisert slektsbok, 1986.

Risa, Lisabet, 2011: Fotografihistoria sett frå Rogaland.

Risa, Lisabet, 2013: Stavanger og fotografiet på 1800-talet. Museum Stavanger Årbok 2012.

SUMMARY

The photography firm and family Jacobsen in Stavanger 1864-1915

Museum Stavanger's Yearbook from 2012 presented the article *Stavanger and the photograph in the 1800s*. It presented the first photographers in the city, the new types of photographs that arrived in the second half of the nineteenth century, and the different applications of the various techniques.

This article deals with both the family Jacobsen and the firm Jacobsen, one of many photography businesses found in Stavanger between 1864 and 1915. It illustrates how first the parents and thereafter four of their children operated as photographers in Stavanger, and who their colleagues were. The article also presents the products that the family Jacobsen provided in order to survive financially within an established profession with competing practitioners.

The article also deals with the different types of sources that can be found dealing with the Jacobsen family as photographers, in both public archives, museums, from private sources and in technical literature. It demonstrates for example how newspaper advertisements are good sources for studying business history, and for recording the history of products that the firm provided between 1864 and 1915.

This review shows that the Jacobsen family were interesting in several ways. The photography firm was one of the most robust businesses in the town and had a long life. What was special about the Jacobsen family was first and foremost that the parents, three sons and at least three daughters were engaged as, or became established as photographers in Stavanger in a contiguous period of 51 years. The article shows that the family were nevertheless representative of photographers of the nineteenth century.

They were both craftsmen and artists, they were migrants to Stavanger and throughout the years they retained a close connection to Germany. In addition they were mobile; two of the sons, Louis and Carl Jacobsen, worked as photographers in Australia, and Louis also worked as a photographer in Kristiania and Bergen. August Jacobsen was a well-known artist/painter. Carl Jacobsen was the first “Royal photographer” in Stavanger and also the first official municipal photographer in the town. Hannchen Jacobsen was female and the first photographic reporter in Stavanger.

The article highlights the Jacobsen family as a good example of the role that women could play as photographers when conditions allowed. A characteristic of the new profession of photographer was that it was not defined as a man's occupation. The paper presents the women in the family. Mrs Louise Jacobsen had ten children between 1861 and 1879, and she continued the business following her husband's death in 1879. She also ensured that four of the children received training in photography in Germany. The children continued to run the family firm after her, and her son Carl was the last owner (1892-1915).

The daughter Hannchen Jacobsen established her own business in Stavanger in 1904. As the local agent for the new Kodak camera in 1903 she was able to open her own photographic shop and studio in Stavanger. The arrival of the new film roll camera meant that photography became fashionable amongst the middle-classes. Consequently, Hannchen Jacobsen acquired a new group of customers – the first amateur photographers.

The article presents the different types of photographs that the family business and Hannchen Jacobsen's firm provided in the period from 1864 to 1915. These represented most types of photograph typical of the period, such as the *carte*

de visite between 1864 and 1915, the oldest type of town prospect from the period c.1865 to 1880 and advertising photography for the business sector in the 1870s. From the 1890s onwards, official photography for the state and municipality, and also interior photography from private homes from the late 1890s and onwards. The article also shows that Hannchen Jacobsen specialised in new types of photography that arrived in the early 1900s, such as self-produced reporting cards, photographs for newspapers, and not least prospect cards or postcards when these became very popular from 1905 onwards.

Hannchen Jacobsen's business and the photography firm *Jacobsen* both came to a close around 1915. The article shows that when Carl Jacobsen left the studio as the last of the family in Stavanger, the *carte de visite*, the first and oldest type of photograph had also reached the end of the road. These portraits had been the most important means of income for the first two generations of photographers in the town. The article concludes that Carl Jacobsen took a symbolic step away from the photography studio in 1915 and over to the growing canning industry in the town.